



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Klubbarbeidar 30% fast stilling - intern utlysing

### Stillingsinformasjon

Meland kommune søker deg som vil vere med å utvikle UNG Meland til ein meningsfull arena for ungdom i aldersgruppa 13 - 18 år.

Ung Meland er eit initiativ frå kulturtenesta i Meland kommune for å skape aktivitet for ungdom i kommunen. Ung Meland driv i lokale sentralt på Frekhaug, samt ulike plassar i kommunen.

### Arbeidsoppgåver

Arbeid med ungdom på faste klubbkveldar og enkeltarrangement. Arbeidsoppgåvene omfattar generelt miljøarbeid og fritidstiltak. Du er ein tydeleg vaksen med interesse og engasjement for å skapa eit godt ungdomsmiljø i Meland. Du må vere venleg, løysingsorientert og kreativ, samtidig som du kan sette grenser. Du er ein idèrik, tålmodig og samarbeidsvillig person som er god til å organisere. UNG Meland opnar i nye lokale i Frekhaug Meieri i 2019.

### Kvalifikasjonskrav

Erfaring med arbeid blant unge og god innsikt i ungdomskulturen. Ønskjeleg med utdanning som barne- og ungdomsarbeider. Søkjarar utan formell kompetanse kan òg søkje. Meland kommune har nynorsk som administrasjonsspråk. Personleg eignetheit for stillinga vil verte vurdert.

Kvelds- og helgearbeid må påreknast, samt arbeid i nokre av skuleferiane.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 16.09.2018

Utlyst dato 31.08.2018

Vårref

77/18

### Kontaktperson

Eirik Bouwer Utne, Leiar tenesteområde kultur, tlf: 56171059, eirik.utne@meland.kommune.no